



Norsk Tipping AS

2325 HAMAR

Vurdering av Keno

Norsk Tipping ber i brev av 26. juni om Lotteri- og stiftelsestilsynets vurdering av Keno som nytt lotteri. Her følgjer tilsynets vurdering med tanke på moglege følgjer for speleåtfærd.

Keno i nabolanda

Både Svenska Spel og Danske Spil har Keno i sin spelportefølje. I Sverige har Keno dei siste åra hatt ein jamn vekst frå ein milliard SEK i 2002, og nådde ein førebels topp i omsetninga i 2006 med vel 1,3 milliard SEK. Totalt omsette Svenska Spel for vel 20 milliardar SEK i fjor. Keno utgjorde såleis vel seks prosent av omsetninga i Svenska Spel.

Keno hos Danske Spil hadde ein omsetning på 205 millionar DAK i 2006. Dette er ein nedgang frå 214 millionar kroner året før. Danske Spil omsette for vel ti milliardar DAK i 2006. Omsetninga av Keno utgjorde såleis vel to prosent av omsetninga til Danske Spil i fjor.

Både i Sverige og Danmark blir Keno trekt sju dagar i veka.

Keno på hjelpelinjer

Lotteri er ikkje særleg synleg som problemspel på Hjelpelinja for speleavhengige. I 2006 var det 51 av 1318 førstegongs-samtalar som handla om Lotto og Extra som samla har ei dominerande stilling i den norske marknaden for talspel. Det vil seie at fire prosent av førstegongssamtalane handla om denne typen pengespel.

Keno er ikkje synleg på den svenske hjelpelinja for speleavhengige – Stødlinjen. I Stødlinjens årsmelding for 2006 går det fram at 12 av 718 samtalar handla om lotteri. Lotteri er ikkje nærare definert i statistikken. Problem som følgje av lotteri utgjorde altså 1,7 prosent av samtalan på Stødlinjen i 2006, men tilsvarende tal for i 2005 var 5,4 prosent.

I Danmark er Keno nesten aldri tema når personar med pengespelproblem kontaktar den nasjonale hjelpetelefonen.

Keno i relevant nyare forskning

Socialforskningsinstituttet i Danmark gjennomførte i 2006 studien "Ludomani i Danmark". Keno er ikkje synleg som problemspel i denne undersøkinga der 8000 personar mellom 18 og 74 år deltok.

Generelt om utviklinga i marknaden

Postadresse
Lotteri- og stiftelsestilsynet
Postboks 800
6805 Førde

Kontoradresse
Naustdalsvegen 5
6800 Førde

Telefon
57 82 80 00
Telefaks
57 82 80 80

Foretaksregisteret
982 391 490
E-post
postmottak@lottstift.no



Det skjer store endringar i den regulerte norske pengespelmarknaden i 2007. Forbudet mot gevinstautomatar frå 1. juli fører til at den regulerte pengespelmarknaden i andre halvår blir halvert. I praksis betyr dette at omfanget på pengespel i Norge i 2007 om lag vil vere tilbake på 2002-nivå, og då reknar vi med uregulerte pengespel på internett. Tidspunktet for å introdusere eit nytt talspel som Keno er såleis gunstig med tanke på den totale pengespelmarknaden her i landet.

Konklusjon

Nordmenn har tradisjonar for å satse på talspel. Lotto, Viking-Lotto og Extra hadde samla ein omsetning på vel 5,8 milliardar kroner i 2006. Keno vil venteleg auke den samla omsetninga på talspel her i landet. Men legg vi til grunn storleiken på Keno i Sverige og Danmark, og Lotto sin sterke posisjon her i landet, er det lite som tyder på at Keno vil bli noko dominerande norsk lotteri.

Dersom det blir daglege trekningar, betyr det at Keno får ein vesentleg raskare frekvens enn dei andre store nasjonale nummerlotteria. Likevel vil det vere såpass lang tid mellom satsing og trekning at Keno ikkje kan reknast som noko aggressivt lotteri.

Keno er i dag som problemspel så å seie usynleg på hjelpelinjer og tilgjengeleg ny forskning i Skandinavia.

På denne bakgrunn meiner Lotteritilsynet at omsynet til speleåtfærd ikkje er noko hinder for å introdusere Keno som lotteri i Norsk Tippings spelportefølje.

Når det gjeld trekningsfrekvens, har ikkje Lotteritilsynet tunge argument mot ei dagleg trekning for Keno.

Med helsing

Rune Timberlid
Informasjonssjef